

# TUR-ORIENTERING 2017

Velkommen til årets tur-orientering i Vikebygd! (Første tur-o i Vikebygd var i 1978).

Materiellet du treng for å vera med finn du i denne konvolutten.

Det er:

- Dette infoskrivet
- 2 kart med innteikna postar med postnummer trykt på kartet ved sida av postringen
- 1 kontrollkort med postdetaljskildring

Er det fleire i turfølgjet/familien som ynskjer å registrera seg, kan du kjøpa ekstra kontrollkort hjå Vikebygd Landhandel (kr. 30,- pr. stk.).

Postane er i år plassert på karta Malasetvatnet og Fosselsliå-Skreå.

Når du ved hjelp av kartet og eventuelt kompass har funne posten, klypper du i kontrollkortet ved rett postnummer med stifteklemma som heng ved postflagget. Postane på Malasetvatnet på aust- og nordsida av Malasetvatnet. Postane på Fosselsliå-Skreå ligg mellom Fosse og Dyraskårvatnet.

Du kan sjølv sagt ta postane i valfri rekjkjefølgje.

Postane heng ute til **1. september**. Klyppeskarta kan du levera der du kjøpte dei, eller til ein av underteikna innan 15. september.

Alt etter kor mange postar du finn, kvalifiserer du deg til eit **merke**:  
30 postar gir gull, 25 postar gir sølv og 20 postar gir bronse. Men utdelinga for dei yngste, vil bli vurdert etter skjønn.

På ein av postane på begge karta ligg det ein postkasse med **bok** inni kor du kan skriva namnet ditt. Då er du med i trekninga av gåvepremiar ved sesongslutt. For å vera med i trekninga må du ha kjøpt og levert inn igjen kontrollkort med namnet ditt på. Vinnarsjansane stig om du er innom bokpostane fleire gonger og skriv namnet ditt i bøkene kvar gong.

Har du lyst å prøva deg på meir orientering så reiser o-gruppa i Vikebygd på treningsløp i distriktet kvar tysdag. Her kan du også få instruksjon om du føler trond for det.

Dersom du berre ynskjer å gå tur i nærmiljøet med kart, har me fleire kart billeg til salgs. Me i Vikebygd IL o-gruppe ynskjer at dakkene får mange fine turar i nærmiljøet!

Jon Magne Svendsbøe  
tlf. 48188430

Kjersti Bjerga  
tlf. 93833150

Einar Martinsen  
tlf. 90935348

Besøk [turorientering.no/vikebygdil](http://turorientering.no/vikebygdil). Her kan du føra detaljert oversikt over postane du har vore på om du vil.



Tur-o post i Fosselsliå

